



ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR FJORDVEGEN RUTE 13 2022

ÅRSMØTET VART HALDE:
Dato: Mandag 25.04.2022
Tid: 09.00-10.15
Stad: Scandic Stavanger Forus Hotel

Tilstades i årsmøtet:

ÅRSMØTE STAVANGER 25.4.2022 - REGISTRERING AV FRAMMØTTE MEDLEMMER OG FULLMAKTER					
	SUM Repr. inkl fullm akt	Fjordvegen Rute 13 - Medlem pr 25.4.2022	Delegat (automatisk)	Fullmakt innmeldt	Namn, gjeve signert fullmakt til/ (på vegne av medlem). Dokument på førehand eller ved frammøte
1	1	Stavanger kommune	Dagny Sunnanå Hausken	x	Bjarne Kvadsheim
2	1	Ulvik herad	Hans Petter Thorbjørnsen	x	Leiv A Vambheim
3	1	Sauda kommune	Ordførar Asbjørn Birkeland	x	Harald H Løland
4		Strand kommune	Irene Heng Lauvsnes		
5	1	Hjelmeland kommune	Anita Husøy Riskedal		
6	1	Suldal kommune	Gerd Helen Bø		
7	1	Ullensvang kommune	Roald Aga Haug		
8	1	Eidfjord kommune	Anders Vatle	x	Leiv A Vambheim
9	1	Voss herad	Hans-Erik Ringkjøb	x	Sigbjørn Hauge
10	1	Sogndal kommune	Arnstein Menes		
11	1	Vik kommune	Roy Egil Stadheim	x	Marta S Vange
12	1	Vestland fylkeskommune	Jon Askeland		Toralv Mikkelsen
13	1	Rogaland fylkeskommune	Marianne Chesak	x	Ole Ueland
14	1	Hardangerrådet	Jostein Eitrheim		
15		Ryfylke IKS	Øyvind Lundbakk		
16	1	Hardanger Industri	Ingvald Torblå		
17	1	Suldal Næringsforening	Olav Lindseth		Gerd Helen Bø
18	1	Ullensvang Handel	Inge Lægreid		
19	1	Vik Næringssamskipnad	Åslaug Stadheim Ese		Morten Midlang
20		Hjelmeland Handels- & Servicefor.	Leif M. Kleppa		

21	1	Ullensvang Reiseliv	Lars Inge Thorset		
22		Stiftelsen Preikestolen	Helge Kjellevoid		
23		Felleskjøpet Rogaland Agder	Per Harald Vabø		
24		Myrkdalen Fjellandsby	Frode Rokne		
25	1	Hotel Ullensvang	Stig Castøe	x	Edmund H Utne
26		Blix hotell	Jorunn Åsfrid Røyrvik		
27		Norstone	Svein Meland		
28	1	Fjordtind Hotels	Tor André Villmones	x	Lars Inge Thorset. Innsendt
29	1	Kinsarvik Camping	Evald Hatten	x	Einar Lutro
30		Eidfjord Fjell og Fjord Hotel	Borghild Vindenes Vik		
31	1	Energiselskapet Hardanger AS	Erlend Nornes	x	Einar Lutro
32	1	Mass Hus/ SPAR KINSARVIK	Ingvar Hus	x	Einar Lutro
33		Fiskå Mølle	Leif Kåre Gjerde		
34	1	Lofthus Auto AS	Einar Lutro		
35		Ullestad & Jansen Transport AS	Lars Gunnar Jansen		
36		A-K Årdal Landbruk	Stian Vadla		
37	1	Halldor Utne AS	Geir Midtun	x	Lars Inge Thorset
38	1	Odda Rutebuss	Per Ystanes	x	Toralv Mikkelsen
39		Ina og Edmund Utne	Edmund H Utne		
40	1	Ulsnes Gard	Anna Gudrun Tveisme	x	Lars Inge Thorset
41	1	Hardanger Fjordsafari	Lars Inge Thorset		
42	1	Kjærtveit Camping	Lars Inge Thorset		
43	1	Sogn Næring As	Torgeir Skålid	x	Birgitte Karlstrøm
44	1	Kyrjetangen AS	Hans Edmund Utne	x	Edmund H Utne
	31				

Til godkjenning av tal på røyster i årsmøtet:

Styreleiar informerte om at det var gjort ein formell feil når Edmund H Utne i årsmøtet 2021 vart godkjent som personleg medlem i Fjordvegen Rute 13. Dette er ikkje i samsvar med gjeldande vedtekter. Det vart stilt spørsmål om personleg medlem likevel skulle godkjennast som delegat i årsmøtet.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok samrøystes at personleg medlem ikkje kan godkjennast som delegat jfr. gjeldande vedtekter.

Det var 31 godkjende røyster tilstades i årsmøtet.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Årsmøtesak 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling skal skje med minst 2 veters varsel. Innkalling med saksliste til møte med saksutgreiing og vedlegg er sendt 17.03.2022 . Saklista er i tråd med § 5 i gjeldande vedtekter. Styret sine tilrådingar er gjort i styremøte 16.03.2022.

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent

Årsmøtesak 02/22 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen Framlegg på årsmøtet.

Vedtak:

Møteleiar: Gerd Helen Bø

Utsendingar til å skriva under protokollen:
Arnstein Menes

Anita Husøy Riskedal

Årsmøtesak 03/22 Årsmelding med revidert rekneskap for 2021

Styregodkjent Årsmelding og Rekneskap med Revisormelding for 2021 er vedlagt. Budsjettet 2022 for Fjordvegen Rute 13 er delegert til styret.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 for 2021 vert godkjent slik det ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 for 2021 vert godkjent slik det ligg føre, overskot på kr 42.117 vert tilført eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/22 Fastsetjing av kontingent 2022

Styret føreslår ingen endring i kontingentsatsar frå 2022 til 2023

Vedtak:

Kontingent 2023 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 45.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

Årsmøtesak 05/22 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2023-2025

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og for påverknad denne til grunn for arbeidet.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2023-2025 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Styret sitt framlegg til langtidsbudsjett vert vedteke 2023-2025 slik det ligg føre.

Årsmøtesak 06/22 Endring i vedtekter for Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13

Framlegg frå Ullensvang Reiseliv:



ULLENSVANG REISELIV

Org. Nr. 984 492 405

Forslag til vedtektsendringar for IS Fjordvegen Rute 13 ifbm årsmøtet 25.04.2022

§4 Her ynskjer UR primært å kunne stemme i mot styrets forslag til vedtektsendring, men sekundært at årsmøtet stemmer over ytterligare tekst i §4 her markert med raudt; "Styret skal godkjenna nye medlemmer, **seinast ved utsending av årsmøteinnkalling. Liste over godkjente medlemmar skal ligge ved årsmøteinnkalling**"

Vidare ynskjer me at styrets forslag til vedtektsendring "Privatpersonar kan vera støttemedlemmer med møte- og talerett i årsmøtet, men utan stemmerett" settes opp mot UR sitt forslag **«Privatpersonar kan vera medlemmar med møte-, tale- og stemmerett i årsmøtet»**

§6 Kulepunktet «Førebu og handsama alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet» endres til **«Førebu og handsama alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet. Sende ut innkomne saker, forslag til vedtektsendringar og valnemndas innstilling seinast ei veke før årsmøtet»**

For styret

Ulsnes Gard 18.04.2022

Lars Inge Thorset
-styreleiar-

Framlegg frå Rogaland og Vestland fylkeskommunar

Årsmøteforslag sak vedtekter - revisjon

Forslag frå Rogaland og Vestland fylkeskommune:

Utsettelsesforslag

Fylkeskommunane ber om grundig gjennomgang og kvalitetssikring av vedtekter. Vi ber om ein juridisk gjennomgang og at det vert lagt fram eitt heilskapleg forslag på eitt seinare tidspunkt.

Årsmøtet ber administrasjonen/styret gjennomføra eit grundig arbeid som vert lagt fram på neste årsmøte.

Årsmøtet drøfta utsetjingsforslaget og det innkomne forslaget frå Ullensvang Reiseliv.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner endring av vedtektenes Pkt 3 i samsvar med innstilling frå styret.

Øvrige endringar av vedtekter vert utsett til neste årsmøte. Årsmøtet ber om ein juridisk gjennomgang av vedtektene og at det vert lagt fram eit heilskapleg forslag til nye vedtekter. Årsmøtet ber administrasjonen og styret gjennomføra eit grundig arbeid med nye vedtekter som vert lagt fram til godkjenning i neste årsmøte.

Årsmøtesak 07/22 Val

a) Val av styremedlemmer for 2 år 2022 - 2024.

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram av Bjarne Kvadsheim:

Nye styremedlemmer:

Gerd Helen Bø, Suldal kommune	2022 - 2024
Marta Sofie Vange, Vik kommune	2022 - 2024

Ikkje på val:

Sigbjørn Hauge, Voss herad	2021 - 2023
Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune	2021 - 2023
Roald Aga Haug, Ullensvang kommune	2021 - 2023

Varamedlemmer i rekkefølge valde for 1 år:

1. Ingvald Torblå, Hardanger Industri	2022 - 2023
2. Vibeke Johnsen, Sogndal kommune	2022 - 2023
3. Roy Egil Stadheim, Vik kommune	2022 - 2023

Fylkesoppnemnde styremedlemmer 2019-2023:

Kristoffer Amdal Rogaland fylkeskommune	varamedlem: Geir Toskedal
Toralv Mikkelsen Vestland fylkeskommune	varamedlem: Gunnar Moland

Nye styremedlemmer vart valde ved akklamasjon.

Val av varamedlemmer i rekkefølge

Forslag frå Einar Lutro på Solfrid Borge som 1. varamedlem istadenfor Invald Torblå.

Røysing:

Solfrid Borge fekk 15 stemmer

Ingvald Torblå fekk 16 stemmer

Ingvald Torblå vart vald som 1. varamedlem.

Øvrige varamedlemmer vart valde ved akklamasjon.

Vedtak:

Styre 2022-2023

Gerd Helen Bø, Suldal kommune	2022 - 2024
Marta Sofie Vange, Vik kommune	2022 - 2024
Sigbjørn Hauge, Voss herad	2021 - 2023
Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune	2021 - 2023
Roald Aga Haug, Ullensvang kommune	2021 - 2023

Varamedlemmer i rekkefølge valde for 1 år:

- | | |
|---------------------------------------|-------------|
| 4. Ingvald Torblå, Hardanger Industri | 2022 - 2023 |
| 5. Vibeke Johnsen, Sogndal kommune | 2022 - 2023 |
| 6. Roy Egil Stadheim, Vik kommune | 2022 - 2023 |

b) Val av leiar og nestleiar 2022-2023

Val:

Leiar: Gerd Helen Bø
Nestleiar: Sigbjørn Hauge

c) Val av Valnemnd:

Valnemnd 2023:

Bjarne Kvadsheim, leiar
Kari Vaage Gjuvsland
Karen Marie Hjelmeseter

Protokollmerknad frå Einar Lutro:


Det er ønskeleg med ei større rullering av styreverv, styreleiar og nestleiar enn det som har vore tilfelle dei siste åra.

Årsmøtesak 08/22

Innkomne saker

Det var ikkje innkomne saker

Årsmøteprotokollen godkjent:



Arnstein Menes



Gerd Helen Bø



Anita Husøy Riskedal